

## Saksprotokoll 11.03.2020 - hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Sigrd Brattabø Handegard (SP) sette på vegner av SP, Ap, KrF, MDG, V, SV fram slikt forslag:

«Nytt punkt 3:

Vestland fylkeskommune skal i arbeidet med strategien ha fokus på forenkling, målretting og desentralisering.

Strategien må ta utgangspunkt i, og byggje på, lokalt og regionalt engasjement kombinert med regionen sine føremoner. Desentralisering av arbeidsplassar, gjerne i samarbeid med andre fylkeskommunale eller lokale einingar og utviklingsmiljø, er eit mål.

### Avrøysting:

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Brattabø Handegard sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon tek til orientering oversikt over etablerte nasjonale program og ordningar for innovasjon og verdiskaping i Vestland fylke
2. Vestland fylkeskommune skal legge fram ein strategi på korleis fylkeskommunen skal støtte og utvikle næringshagar, inkubatorar og klyngar vidare, og sjå dette i samanheng med andre regionale satsingar.
3. Vestland fylkeskommune skal i arbeidet med strategien ha fokus på forenkling, målretting og desentralisering. Strategien må ta utgangspunkt i, og byggje på, lokalt og regionalt engasjement kombinert med regionen sine føremoner. Desentralisering av arbeidsplassar, gjerne i samarbeid med andre fylkeskommunale eller lokale einingar og utviklingsmiljø, er eit mål.